


**Hafslo barne- og ungdomsskule**

«Me står saman for ein trygg oppvekst i eit aktivt og inkluderande læringsmiljø»

**Tilbod om leksehjelp ved Hafslo barne- og ungdomsskule 2022/2023**

Leksehjelpa er eit frivillig tilbod som elevar i 4.-10. klasse kan delta på. Tilbodet startar måndag 5. september og sluttar onsdag 31. mai.

**Leksehjelpa er på desse tidene:**

- Måndag 13.40 – 14.25, gjeld 4.-7.kl.
- Tysdag 14.30 – 15.30, gjeld 8.-10. kl.
- Onsdag 13.40 – 14.25, gjeld 4., 5. og 7. kl.

Elevane har friminutt/pause frå overgangen mellom undervisning til leksehjelp. Dette med bakgrunn i at elevane då kjem frå ei 90 minuttstøkt med undervisning. Skulen har ikkje skuleskyssansvar, men har organisert det slik at ein kan ta skuleskyssen kl 14.35.

*«Formålet med leksehjelpa er å gi eleven støtte til læringsarbeidet, kjensle av meistring og gode rammer for sjølvstendig arbeid. Leksehjelpa skal og medverke til å utjamne sosial ulikskap i opplæringa.*

*Leksehjelpa er ikkje ein del av opplæringa til eleven, men skal sjåast i samanheng med opplæringa. Leksehjelpa skal gi eleven hjelp med skolearbeidet.» (§ 1A-1 Leksehjelp i grunnskolen)*

Leksehjelpa er organisert i to grupper på barneskulen og ei gruppe på ungdomsskulen. Det er til stades ein vaksen på kvar gruppe. Dette skuleåret har skulen 74 elevar i 4. – 7. klasse, så på det meste kan det vere opp til 37 ungar på ei gruppe måndagar. Utfordringa blir å handtere tilbodet slik at det vert trygt og pedagogisk forsvarleg.

Rutinar for å nytte seg av tilbodet:

- Elevane jobbar med lekser som synt på vekeplan.
- Dersom eleven er ferdig med lekser som står på planen, og den vaksne på gruppa har sett det, skal eleven reise frå leksehjelpa.
- Dersom eleven er ferdig med leksene som står på planen, men ynskjer å vere der til tida er slutt, kan eleven gjere det ved å jobbe med evt. ekstraoppgåver, lese, spele mm. Dette etter avtale med den vaksne.
- Elevar som ikkje er motiverte for å gjere det dei skal på leksehjelpa, skal forlate leksehjelpa og reise heim.
- Elevar som uroar på leksehjelpa, må forlate leksehjelpa og skulen.
- Eventuelle underskrifter som elevane skal ha i samband med lekser, skal gjerast av foreldra heime.
- Meldingar heimanfrå som gjeld leksehjelp, skal skrivast på Visma til kontaktlærer. Kontaktlærer vidareformidlar beskjed til dei vaksne på leksehjelp.

Hafslo 19.08.22

-rektor-